

Til Sigmund.

På brudlaups- og trettiårsdagen, 9/8.1952.

Tone:Å, tenk på Gud -

1.

Kvar ungdom ber ein draum i barm,
og vert av draumen glad og varm,
ja, sjølv i tunge stunder.
Han ser eit fagert alveland,
der mann og kvinna, hand i hand,
opplever livsens under.

2.

Ein heim, er ynskjemålet vårt.
Og sjæl og likam stundar sårt
mot samlivs ro og hyggje.
Som elv mot os me skundar fram
i mot vårt draumetun og tram :
Vår eigen heim å byggje !

3.

Eit par, ved heimens inngongsport,
det er eit Herrens under stort,
om kjærleik råder grunnen -.
Når hjarto slår i einskaps takt,
og bae står med Gud i pakt
er veg til Eden funnen.

4.

Om mangt i livet enn slo klikk,
dei nådde då sitt Breidablikk,
- det gyllne högfjellsriset -.
De vann og dykkar Glitretind,
og ser frå Feginbrekka inn
i draumeparadisiet.

5.

Når du frå barneheimen dreg,
di mor og far vil ynskja deg
den beste årmålsgåva :
Gjev du må få det godt med Gud,
og med ho Oddny-mor - di brud,
i dykkar nye stova !

6.

Må englar slå om heimen ring !
Må de av Nådens Kjeldespring
få drikka sjælestyrke !
Ein fiende av Kristi kross,
han vil nok dagstødt truga oss,
og skjemma liv og yrke.

7.

Gud hev dykk bae hjartans kjær !
Han ynskjer å få stå dykk nær,
og gå dykk trutt til handi
i gråe kvardagsliv si dust,
so ikkje eigenviljens rust
får tæra kjærleiksbandi.

8.

So takk då, Sigmund, guten vår,
for samvær i dei farne år
i vesle barnereiret.
-om vegen enn er tung og bratt :
Velkomen opp til Høgtun att,
til møtestunder fleire i

Mor og Far.